




Hardangerrådet iks



Hardanger

## Referat frå Koronamøte 05.05.2020 i Team Hardanger

Møtte: Sveinung Dukstad, Andreas Skogseth, Bård Sandal, Endre Høgalmen, Ingvald Torblå, Jan Tjosås, Lisbeth Bygstad Celik, Inge Håvard Aarskog, Sigmund Vereide, Thore Hopperstad, Anna G. Langesæter, Anja Svingen, Jostein Eitrheim, Trude Rinaldo

### Sveinung Dukstad, Avdelingsleiar Innovasjon Norge (IN):

Innlegg om finansiering av innovasjon og vekst. Presentasjon lagt ved.

Stikkord frå presentasjonen:

Det er store endringar gjort no i forhold til Korona

- med meir enn dobla rammer for tilskot og lån til bedrifter med innovasjon og vekst.
- frå internasjonal krav til å vera nasjonale krav

IN har også fått over 4 millionar ekstra frå VFK til distriktsmidlar, der krava er av regional karakter.

**Spørsmål:** Kva er forskjellen på distriktsmidlar og dei nye ekstraordinære tilskota?

**Svar:** Tilskota treng ikkje vera av nasjonal karakter, det held med regionale hensyn.

Reiseliv f.eks slit oftast med å får godkjent nasjonale midlar, men kan ha sjans på distriktsmidlar om det er tale om innovasjon og vekst.

IN har også søkbare midlar til næringshagar og gründermiljø, men her er strenge krav til søkjar.

### Innspel frå Ingvald Torblå, leiar Hardanger Industri

I Odda har f.eks Boliden og andre industribedrifter store utviklingspotensialer. Dersom me får industrien til å samarbeida endå betre, kan det utløysa store potensial, men for å få det til, treng ein meir fotavtrykk frå IN. Får me hjelp, kan det gje stor gevinst.

**Svar:** Dei nye reglane som gjeld no i korona tider opnar for at dei lettare kan gje støtte til dette arbeidet.

Hardanger Industri ber om eit eige møte med IN på desse moglegheitene. Sjølv om dei store som f.eks Aker solution må redusera, betyr ikkje det at all industri vert redusert. Me må arbeida for å halda produksjon i Norge.

**Spørsmål:** Kva med mentor og krisementor? IN tilbyr det. F. eks handlar SNU prosjektet, om å få tilgang på mentor for å snu eigen bedrift. Dette er ei ordning VFK og IN samarbeider om.

*Kom akkurat mail frå Sveinung **vedr innspel om mentor** :*

*Vi har nettopp kome med ny informasjon om begge våre mentorordningar, både den ordinære mentorordninga og krisementor. Her er informasjon og link til søknad :*

<https://www.innovasjon norge.no/no/tjenester/oppstart-av-bedrift/radgivning-for-oppstart-av-bedrift/fa-en-mentor/>

*Merk at det no kan søkjast om krisementor gjennom eit svært forenkla søknadsskjema.*

**Innspel frå Bård Sandal, fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling VFK:** VFK realiserar også no deler av sine krisepakkar. Dei går no ut med 8,4 millionar for å styrke hjelparane til reiselivet. For å gjera dei operative og istand til å spissa arbeidet sitt. F. eks får Visit Hardangerfjord 750 000.

**Endre Høgalmen, seksjonssjef for naturressursforvaltning, landbruk og reiseliv i VFK.**

Destinasjonsselskapa må styrkast no, for å hjelpa reiselivsnæringa gjennom denne krisa. Fokus no er arbeid mot nasjonal marknadsføring. Søkjer KMD om omstillingsmidlar

Runde rundt Hardangerfjorden:

**Eidfjord:**

Det er merkverdig stille å rolig, det vert ein rar sommar. Arbeider opp mot destinasjonskontora for å utvikla nye pakkar tilpassa norske gjester. Det er eit nytt segment for Eidfjord, tradisjonelt har det vore internasjonale gjester. Det er ein stor snuoperasjon.

Kommunen tilbyr rådgjevingstenester. Korleis gje hjelp til kvar enkelt bedrift?

Rådgjeving pakke 1: Hjelpa med søknader og finna ulike tilskot og finansielle muligheter no.

Rådgjeving pakke 2: Hjelpa bedriften med å snu seg mot eit nytt segment. På ein måte krisementorfunksjon.

Næringshagen i Hardanger på oppdrag frå Eidfjord kommune skal ha smittevernkurs 19. mai i Eidfjord. Dette vil gje meir tryggleik for bedriftene, i møte med gjester no når me skal opna opp igjen.

**Ulvik:**

Som nyttilsett er arbeidet fokusert på å få oversikt i Ulvik. Men situasjonen er mykje den same som for Eidfjord. Tek gjerne eit møte med dei.

**Voss:**

Me er ein Siva næringshage som samarbeider tett med næringshagane i Hardanger, og samarbeidet har blitt sterkare i denne situasjonen.

Ellers er situasjonen på Voss lik den i fjorden. Men opplever klart at markedet er villig til å endra seg.

**Kvam:**

Her var det påskeafta på lørdag, plutselig utruleg mykje folk . Kanskje litt for mange, men godt å sjå liv.

Mindre gode nyheiter er faren for å mista Hardanger Fiskeforedling i Strandebarm. Og alle sit og ventar på beskjeden på når ein skal får lov å reisa igjen, både i norge og internasjonalt.

Kraffondet har fått mange søknader til fyrste omgang.

**Ullensvang:**

Tiltakspakke for Ullensvang vart vedteken, med både kortsiktige og langsiktige tiltak. Har sendt søknad om motkonjunkturtiltak inn til styresmaktene, på til saman 80 millionar.

Denne tida har vist kor viktig det er med tydelege bransjeorganisasjonar, f. eks Hardanger Industri, landbruk, Odda by og Ullensvang reiseliv. Dialogen med desse har vore avgjerande for å finna gode og treffsikre tiltak.

Neste møte vert 19. mai 2020 kl 0900.